



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

03.02.2025

Vår ref:

2025/752

Dykkar dato:

13.01.2025

Dykkar ref:

202423443

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til detaljplan for nytt tappearrangement for Bjørnastigvatnet i Askvoll kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at det blir teke omsyn til naturmiljøet ved rehabiliteringa av tappearrangementet for Bjørnastigvatnet.

Vi viser til høyringa av detaljplan for nytt tappearrangement for Bjørnastigvatnet.

Om detaljplanen

Det er planlagt nytt tappearrangement for Bjørnastigvatnet; dette gjeld endringar på tappeluke og lukehus. Den gamle betongen skal leverast til godkjent avfallsdeponi, då prøvetakinga viste høgt innhald av tungmetall. Tilkomst til anleggsområdet vil skje med helikoptertransport frå området Markavatnet – Grunnevatnet. Arbeidet vil starte opp så tidleg som snø- og isdekke tillét det i år, og vil vare inntil tre månader.

Vår vurdering

Rehabilitering av vasskraftanlegg har stor samfunnsnytte, og dermed høg prioritet. Dei planlagde tiltaka vil i hovudsak kome på eller ved eksisterande anlegg eller anna nedbygde areal. Dette gjeld òg for planlagde helikopterlandingsplassar.

Vi legg til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa så langt som råd, og at området blir tilbakeført i tråd med moderne praksis basert på den lokale frøbanken.

Tiltaksområdet inngår i Sunnfjord villreinområde. I følge [omtale i naturbasen](#) er det sjeldan at villreinen trekker så langt vest, men området kan bli brukt sporadisk som sommar- og haustbeite. Sjølv om det dermed er liten fare for konflikt mellom tiltaket og villrein, bør det opprettast kontakt med villreinnemnda i saka. Vi legg til grunn at villrein blir ivareteke etter vanleg praksis for slikt anleggsarbeid.

Vi viser til forureiningslova § 7 om å unngå forureining.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Askvoll kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 174
Postboks 7900

6988
5020

ASKVOLL
BERGEN